

Til stades: Hilde Reitan - leiar, Camilla Granlien – nestleiar, Kristian Hanto -
nestleiar, Thomas Nilssen, Torfinn Hofstad

Ole Erik Feragen – 1.vara

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes – dagleg leiar, Liv Annette Nygjerdet – dei tilsettes
representant. Ann Helen Erichsen under oppdatering jubileum sak 2023/02 c. Audun Stokke
Hole og Jostein Aardal under sak 2023/05. Live Visdal under sakene 2023/07, 2023/08,
2023/11. Solfrid Gjeldokk under sakene 2023/09 og 2023/11.

Tid: Fredag 10.februar kl.10.00-15.00

Stad: Møllergata 39, Oslo

Referat

Styresak 2023/01 Innkalling og sakliste

Styresak 2023/02 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

- a) Driftsrapport per 31.01.2023
- b) Rekneskapsrapport for 2022 med merknader (første utgåve)
- c) Oppdatering jubileum

Styresak 2023/03 Framlegg til dagsorden for landsmøtet

Styresak 2023/04 Første utkast årsmelding 2022

Styresak 2023/05 Første utkast til landsmøtesak om Folkemusikk

Styresak 2023/06 FolkOrgs eldsjelpreis

Styresak 2023/07 Godkjenning av deltakaravgift og billettprisar Landskappleiken

Styresak 2023/08 Presisering av arrangørslag Landskappleiken 2024

Styresak 2023/09 Årets lokallag – sak om prosess

Styresak 2023/10 Evaluering av Folkelarm

Styresak 2023/11 Fordeling av Dextra-midler

Styresak 2023/12 Eventuelt

- a) Tilsettingsprosess ny dagleg leiar

Styresak 2023/01 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend

Styresak 2023/02 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

- a) Driftsrapport per 31.01.2023
- a. Rådgeving/Opplæring/service – Oppsummering:
 - b. Formidling og arrangement – oppsummering:
 - i. Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk
 1. Kontakten med Lom, lokal arrangør av LK 2023 er tett, med møter både med hovudnemnd, tevlingsnemnd, synfaring, informasjon mm. Arbeidet med å skaffe dommarar er godt i gong. Ny app for camping-bestilling er under arbeid.
 2. Vi har søkt Furestiftinga om pengar til Fureprisen og Furestipend.
 3. Har søkt Det Kongelige Slott om utdeling av Kongepokal i halling og eldre folkemusikkinstrument på Landskappleiken 2023
 4. Kontakt med neste års arrangør av LK, Gol, er i gong.
 5. Arrangørhandboka er oppdatert ut frå vedtak i styret.
 6. Kontakten med Førde, lokal arrangør av LF 2023 er god. Hovudnemnda har gjennomført kurs i Balansemerket.
 7. Kontakten med neste års arrangør av LF, Vestnes, er i gong.
 8. Vi har lyst ut etter lokale arrangørar av LK og LF fram til 2029.
 - ii. Folkelarm
 1. Vi driv med etterarbeid for Folkelarm 2022, som rapportering, lage artistfilmar, evaluering mm.
 2. Prosessen med å tilsette ny prosjektleiar for Folkelarm og rådgjevar for yrkesutøvarar er i gong.
 - c. Informasjon og opplysning – oppsummering
 - i. Folkemusikk/folkemusikk.no
 - ii. FolkOrg.no/anna informasjonsarbeid
 1. Vi har sendt ut to nyheitsbrev.
 2. Vi har laga diverse annonser
 3. Mykje informasjon og marknadsføring i sosiale media
 - d. Påverknad/samarbeid – oppsummering
 - i. Vi har gitt to munnlege og eit skriftleg innspel til strategi for kulturfrivillighet.
 - ii. Vi er i gong med planlegging av debatt på Kulturytring Drammen i samarbeid med Norsk senter for folkemusikk og folkedans. Tematikken blir immateriell kulturarv.
 - iii. Arbeidet med å planlegge debatt under Arendalsuka er i gong.
 - iv. Dagleg leiar sit i styret i European Folk Network, og har hatt møte der no.
 - e. Særskilde satsingar
 - i. Lag og medlemmer
 1. Planlegging av neste FolkLeiarUng-samling
 2. Har delteke på webinar i regi av Norsk Kulturskoleråd med temaet «Frivillighetens rolle i forhold til hverdagen, medvirkning og en mangfoldig inngang til fordypningstilbud», og fortalt om ulike samarbeid med lokallag og kulturskule
 3. Har fått første utkast til portal for lagsarbeid/intranett for lokallag og områdelag.

- ii. Informasjon, formidling, dokumentasjon
 - 1. Arbeidet med jubileet går for fullt med planlegging, møte, marknadføring og søknader. Jubileumskalenderen blir lansert snart.
- iii. Folkedans
 - 1. Har delteke på samrådsmøte for folkedansen.
 - 2. Har gjennomført seminar "Kva kostar en folkedansformidlar" saman med NU og Sff på Folkelarm.
- iv. Utøvarar og arrangørar
 - 1. Vi er i siste fase av arbeidet med FolkArtist.no
 - 2. Vi har vore på NMH og hatt FolkAristt.no som tema med folkemusikkstudentane.
- v. Kulturpolitisk arbeid
 - 1. I samband med innspel til ny strategi for kulturfrivilligheit, har vi spelt inn kor viktig det er med regionale strukturar for vårt felt.
 - 2. Arbeidet med nytt læreverk er i gong, i regi av SFF og utdanningsinstitusjonane. FolkOrg er representert i styringsgruppa med Ingeborg Ulberg Sommer.
 - 3. Noreg er no lanser som partnerland på Showcase Scotland i 2024. Det vart lansert under Showcase Scotland 29. januar 2023. Vi var til stades og det var viktig ikkje minst for å bygge og halde ved like nettverket vårt internasjonalt.
 - 4. Samarbeida med MMMedia om å lage "reklamefilm" om Norge og folkemusikken som vart synt fram på mottakinga i Skottland i forbindelse med at Noreg er fokusland på Showcase Skottland 2024.

b) Rekneskapsrapport for 2022 med merknader (første utgåve)

c) Oppdatering jubileum

Vedtak: Styret tok orienterings- drøfting- og referatsaker til orientering

Styresak 2023/03 Framlegg til dagsorden for landsmøtet

Vedtak:

- a. *Styret vedtek framlegg til dagsorden for landsmøtet 2023*
- b. *Administrasjonen arbeider vidare ut frå innspel frå styret til innhald i sakene.*

Styresak 2023/04 Første utkast årsmelding 2022

Vedtak: Styret gir innspel til utkast til årsmelding innan onsdag 15.februar. Vi skriv noko meir under måloppnåing på målet «Folkemusikken og -dansen i Noreg er kjend og synleg nasjonalt og internasjonalt.» Ut over det er årsmeldinga godkjend.

Styresak 2023/05 Første utkast til landsmøtesak om Folkemusikk

Vedtak: Redaktørane arbeider vidare med saksframlegg ut frå innspela i styremøtet.

Styresak 2023/06 FolkOrgs eldsjelpris

Vedtak:

Styret i FolkOrg vel sjølve ut kandidatar til kven som skal væra nominerte til FolkOrgs eldsjelpris. Styret bestemmer kven som skal få prisen på neste møte, og prisen vert delt ut på landsmøtet i april.

Styresak 2023/07 Godkjenning av deltakaravgift og billettprisar Landskappleiken

Vedtak:

- a) Deltakaravgift for Landskappleiken 2023 blir godkjent.
- b) Billettprisar for Landskappleiken 2023 blir godkjent.

Styresak 2023/08 Presisering av arrangørlag Landskappleiken 2024

Vedtak: Gol spel- og dansarlag får hovudansvaret som arrangør av Landskappleiken 2024.

Styresak 2023/09 Årets lokallag – sak om prosess

Vedtak: Styret vedtek retningslinene slik dei er lagt fram, men at prisen skal delast ut annakvart år på landsmøtet. Utnemning for 2023 gjerast på styremøte 2023/02.

Styresak 2023/10 Evaluering av Folkelarm

Saken var utsett til neste møte

Styresak 2023/11 Fordeling av Dextra-midlar

Vedtak:

- a) *FolkOrg tildeler midlar til 14 rekrutteringsprosjekt i 2023. Desse er:*

Arvtakerne	50 000,-	Siste år med stønad
Bølingen	40 000,-	Siste år med stønad
Folk-verksted Buskerud	50 000,-	Siste år med stønad
Nes nasjonale dansarring	30 000,-	Siste år med stønad
Fuglen	40 000,-	Siste år med stønad
HardingFolk	80 000,-	
JubelFOLK	100 000,-	
Kulturverkstad:FOLK	60 000,-	
Polsdans mot Bodø 2024	80 000,-	
Spelemannslaget laust og fast	60 000,-	
SPREK!	50 000,-	Siste år med stønad
Indre Sunnfjord spelemannslag	100 000,-	

- | | |
|----------------|-----------|
| Tragder | 100 000,- |
| UngFolk Gjøvik | 60 000,- |
- b) Styret vil i neste møte ta stilling til på kva måte vi skal nytte resten av midlane frå Dextra Musica.

Styresak 2023/12 Eventuelt: Rekruttering av ny dagleg leiar

- a) *Styret løyver inntil kr 200 000 til kjøp av tenester for å rekruttere ny dagleg leiar*
- b) *Tilsettingsutvalet består av AU og ein representant for dei tilsette, Liv Annette Nyggjerdet.*
- c) *FolkOrg inngår avtale med Hodejegerne AS som samarbeidspart i rekrutteringsprosessen.*